

GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 2

Mars 2021

72. årgang

INNHOLD

- Min salme 2
- Andakt 3
- Hallingar som har fløtt 4 & 5
- Konfirmantdag 6 & 7

- Konsert Gol kyrkje 8
- Barnas side 9
- Kunngjeringar 10 & 11
- Gudstenester 11
- Dikt av Hilde M. Hillestad 12



GOL, HERAD OG HEMSEDAL

Gol kyrkjekontor - Gol kommunehus 3. etg
Eksp. tid mån-fre 9.00-15.00
Tlf: 32 02 90 00 • kyrkja@gol.kommune.no
www.gol.kyrkja.no

Kyrkjeverje:
Anne Gerd Jorde
Dir.tlf. 32 02 91 35 • Mobil: 971 58 134
anne.gerd.jorde@gol.kommune.no

Sokneprest:
Arnstein Bleiktvedt
Mob: 958 28 706 - Fri måndagar
arnstein.bleiktvedt@gol.kommune.no

Diakonarbeidere:
Sissel Rudningen (70%)
Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
sissel.rudningen@gol.kommune.no
(tysdag, onsdag, torsdag, annakvar måndag/fredag)
Wera Waage Frogner (30%)
Mobil: 943 54 618
wera.waage.frogner@gol.kommune.no

Organist:
Justin Vickery
Tlf. 474 75 580 • justin.vickery@gol.kommune.no
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

Sekretær:
Thorunn Haugo Tlf: 32 02 91 39
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no
Kontortid: annakvar måndag, kvar tirsdag,
onsdag og torsdag

Kyrkjeternarar:
Ludvig Munkejord Tlf: 911 22 763
Knut Ole Klepp Tlf: 906 58 761

Trusopplærar for Gol og Hemsedal:
Britt Marie Haraldset Hafssås Tlf. 951 22 136
britt-marie.haraldset-hafssas@gol.kommune.no

Hemsedal kyrkjekontor - Hemsedal kommunehus
Hemsedalsvegen 2889, 3560 Hemsedal
Eksp. tid mån-tor 9.00-15.00 fre 9.00-12.00
Tlf. 31 40 88 45 • www.hemsedal.kyrkja.no
kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no

Kyrkjeverje:
Kjetil Th. Storebråten
Tlf: 31 40 88 45 • Mob: 908 21 745
kjetil@hemsedal.kommune.no
Kontortid: Mån-tor: 9.00–15.00 fre: 9.00–12.00

Sokneprest:
Camilla Osnes
Mob: 977 15 677 • Fri måndager
camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

Kantor:
Peter Rødel
Tlf: 401 08 339 • kape10@hotmail.no

Kyrkjeterar:
Wilfried Westera
Tlf. 971 09 922 • wilfriedwestera@live.nl

Gravplassen:
Hans Vidar Sørensen
Tlf: 911 76 827 • sorensen.hv@gmail.com

Sokneråda og fellesråda:
Gunn Astrid Frøyosk
Leiar Gol og Herad
Tlf. 990 34 376
Irene Markegård
Midl. leiar Hemsedal
Tlf. 482 02 020

Ynskjer du å gje ei gåve til kyrkja:
Hemsedal: 2367.20.49482
Gol: 2324.20.01354
Herad: 2324.62.05795

GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

Antall nr.: 6 nummer i året
Redaksjon: Sølv Lansen Aalrust, Kjell Slåtten, Gunnar Rudningen, Hilde Moe Hillestad, Ludvig Munkejord, Gunn Ragnhild Stigen.
Ekspedisjon: Kyrkjekontoret, 3550 Gol
Kasserar: Arne Oddmund Tuv, 3560 Hemsedal.
Utgjevar: Kyrkja i Gol, Hemsedal og Herad
E-post: oaalrust@online.no
Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal 2367.60.00097



MIN SALME

MARTHA NISTAD



Martha Nistad kjem opphavleg frå Dale i Sunnfjord, men flytta til Gol med familien i 1989.

Kære linedanser Per Krøis Kjærsgaard

1. Kære linedanser, udspændt
ligger foran dig,
selve livet du fik givet,
gå nu kun din vej.
Du må turde træde ud
hvor dit liv kun er dit.
Det briste eller bære må
dette ene skridt.
Give fra dig hvad du magter,
da ser du, en dag du nåede ud
og danser til himmelenes stjerneskud.

2. Kære linedanser, hop nu
ud ved siden af.

Se dig danse, bare sanse, gøre hvad du ka'.
Være én, men én iblandt.
Og mødes så du gror.
Ja vent dig meget fra den kant:
Denne er din jord!
Tro mig, når jeg siger til dig
det største – det ser man kun i det små.
Og kigger du opad er himlen blå.

3. Kære linedanser, ser du
livet er et net,
øjeblikke, tro blot ikke,
dansen kun er let.
Og en dag gør livet ondt,
det ved jeg, at det vil.
For livet er et liv på trods,
smerten hører til.

FORSIDEFOTO: **GOL KYRKJE, BRITT M. HARALDSET HAFSSÅS**

Fv. Elise D. Nibstad, Ingrid G. Øynebråten og Bjørg G. Venås.

TEKST: **KJELL SLÅTEN** FOTO: **PRIVAT**

- Tanken var å vera her ei kort stund, kanskje eit halvt år. Men Gol var, og er, ein fin stad å bu. Det var trygt for ungane å vekse opp her, med mange flotte fritidstilbod for både ung og voksen, godt skuletilbod og mange hyggelege folk. Så me har vel angra opp her, og livet er bra, seier ho.

Martha er spesialpedagog, kokk, kafé-/butikkvert og sit i kommunestyrlet for Arbeiderpartiet. Om salmevalet seier ho dette: - Eg hadde eigentleg tenkt på ein salme frå mi eiga konfirmasjonstid, som eg minnest som ei fin tid. Men så høyrde eg denne salmen/songen i ein konfirmasjon i Danmark for nokre år sidan. Eg synest han seier så mykje om korleis det er å vera ung, og alle utfordringane ein kan møte på. Men eg er litt usikker på kva de tenker om dansk tekst...

Ud af sorgen vokser lykken
og livet i påskens evige fest.
De sterkeste rødder har træ'r i blæst.

4. Linedanser - vælge livet
hvilkun er din vej?
Følge hjertet uforfærdet.
Sige ja og nej.
Verden spørger tit hvordan
og alt for lidt hvorfor.
Der er så mange ting man kan
- stå for det du tror!
Gid du aldrig mister modet
og lader det onde uimodsagt.
Når viljen befries, - da falder magt.

5. Linedanser i det høje
dans vidunderligt!
For det næste er det bedste:
Glæden ubestridt!
Tænk at få balancekunst
Så helt ufatteligt!
At modtage sin stang og snor
ganske kvit og frit.
Uanset om du nu tror det,
så ved jeg, at lyset brænder for dig!
Og kigger du op, er der nok en vej.

Martha Nistad sender stafettpinnen vidare til partikollega Jon Anders Hefte som den neste til å velje seg salme.

Bak stengte dører?

I fjar var kyrkjedørene stengde i heile påska, kanskje for første gang i kyrkja si historie i Noreg. Ikkje ein gong under krigens dagar var det slik. Dette er eitt av mange teikn på kor heilt annleis det siste året har vore. Kven skulle tru at vi vart nødt til å ha stengte dører i kyrkja i Noreg?

Det er når ein ikkje lenger har det som ein elles tek for gitt, at ein legg merke til kor viktig det er:

*«I dag står flaggstangen naken
blant Eidsvolls grønnende trær.
Men nettopp i denne timen
vet vi hva frihet er.»*

Slik las Nordahl Grieg frå NRKs radiostasjon i Tromsø 17. mai 1940. Vi kjenner dramatikken i orda hans frå ulike opplevingar det siste året. Vi har hatt mange eksempel på at vi plutselig ikkje har noko vi har tatt for gitt, og kjenner no på kva det betyr for oss. No er det ein skjult fiende som trugar oss, helse og liv. Det er ikkje heilt den same dramatikk som for 80 år sidan, men likevel noko som får oss til å la vere å gjere det som elles hadde vore heilt naturleg: Helse på kjente og ukjente i handa, møte menneske både heime og ute, klemme på barn og barnebarn, vere i ei forsamling med mange menneske, gå på skule, arbeidsplassen, bussen, toget, fotballbanen – og vi kunne fortsette. Og alt dette gjer vi av frykt for helse og liv, for andre og for oss sjølve. No skal vi feire påske, ikkje berre ha påske i kalenderen. I år ser det ut til at det er litt nye vilkår. Så vi planlegg påskefeiring

- i kyrkjene – men med eit lite etterhald om kva som måtte bli nødvendig dersom det vert lokale smitteutbrot.


Den kristne kyrkja er blitt til i ein situasjon prega av drama og frykt. Ei av historiene frå påskeevangeliet handlar endå til om stengte dører. Det er ganske forståeleg det som vert fortald i Johannesevangeliet kappittel 20, vers 19-23. Disiplane gjøymde seg og stengde døra bak seg fordi dei var redde. Dei hadde gode grunnar til å stenge døra. Dei såg kva som skjedde med Jesus, dei kunne frykte det same for deira eigen del. Det var blitt ny uro i Jerusalem av ryktene om at han ikkje var lenger i grava der han var lagt.

Men ikkje ein gong deira frykt kunne stenge den oppstandne Jesus ute og forhindre han i å møte dei der dei var i livet: Fylte av frykt, stengte inne i sin eigen redsel. Jesus kom likevel, Jesus kom heilt inn til dei. Han kom ikkje med latterleggjering av at dei var redde. Han kom heller ikkje med hevn over dei som hadde både forlatt han og fornekta han. Han kom ikkje ein gong med kritikk. Han kom med eit anna budskap: «Fred vere med dykk!»

Dette vart på eit vis den første kristne gudsteneste, som eit møte mellom den oppstandne Jesus Kristus og dei menneske som samlar seg fordi dei følgjer han – eller har følgt han. Så sender han dei ut. For å dele det dette møtet med den oppstandne gir dei. Slik har det halde fram, heilt til oss og vår tid:

ANDAKT

PRESES OLAV FYKSE TVEIT



Nokon har halde ryktet om den oppstandne Jesus Kristus levande og skapt møteplasser mellom oss og han.

Slik har våre gudstenester vorte til. Slik er dei fortsatt noko som er meir enn oss sjølve og våre kjensler av frykt eller kva det måtte vere som fyller oss. Men dei er også eit møte der vi kan vere oss sjølve, ja, der vi ikkje kan vere noko anna enn oss sjølve. For det er slik den oppstandne kan møte oss. Og sette mot i oss. Og sende oss ut for å leve og dele det Gud har gitt oss.

Vi treng desse møtene. Med den oppstandne – og med kvarandre. Difor håpar eg inderleg at vi kan få feira gudstenester i kyrkjene denne påska. Skulle det ikkje gå, minner påskeevangeliet oss om at Jesus når inn til oss der vi er – likevel. I så fall treng vi endå meir eit ord om fred.

God påske!

Pengegåver gjev lyd og bilet

TEKST: LUDVIG MUNKEJORD

Sist haust fekk kyrkja i Gol og Herad ei anonym pengegåve på kr 90.000. Dette førte til at soknerådet ville kjøpe inn eit nytt og betre lydanlegg i Gol kyrkje. Mange har slitt med å få med seg det som vert sagt i kyrkja der, særleg i bakre halvpart av kyrkja. Ikkje minst skuldast dette at det er eit stort rom med mykje akustikk og gjenklang.

Ein stor del av pengegåva er no brukt til dette. Det er sett opp nye høgtalarar langs veggene bakover, og lyden vert

styrt frå ein miksepult oppe på galleriet. Dette gjer at ein heile tida kan ha kontroll og styring på dei ulike mikrofonane. Det ser ut som at dette har blitt ei god løysing, og me har fått eit fleksibelt og moderne lydanlegg.

Samstundes og uavhengig av dette har me, både i Gol og i Hemsedal, fått pengar frå sentralt hald for å kjøpe utstyr til det som kallast «digital kyrkje». Altså at me kan være til stades med bilet og lyd utanfor kyrkjebygga. Det

me jobbar mest med no er å kunne direktesende gudstenester til Helsetunet og tilsvarande stader. Me vil og etterkvert prøve å være endå meir aktive i sosiale media. Dette er spennande og det er ein ny måte å være kyrkje på.

NESTE KYRKJEBLAD

Nr. 3/2021 kjem ut i uke 24

Stoff sender ein til: oaalrust@online.no

innan 20. mai

Hallingar som har fløtt heimefrå

– kva held dei på med



TEKST: MARIT JUVEN GJÆRDE FOTO: PRIVAT

Det er jammen meg litt rart å skulle skrive eit profilintervju på seg sjølv, å tenke seg fram til kva andre ville spurt meg om, kva de lure på, eller er interessert i og slike. Så kanskje dette heller blir som eit reisebrev, frå ein halling i diaspora i by'n. I Oslo skjer det jo slett ikkje mykje om dagen verdt å fortelje om. Golden nemnte i ein episode av «Nytt på nytt» at det er jo det kulturelle tilbodet som gjer at det er så attraktivt å betale dyrt for å bu i Oslo, no om dagen kunne ein likeså greitt budd kor som helst. Eg håper framover mot lysare tider. Samstundes har eg ein jobb og gode relasjonar som stadig engasjerer og gjer kvardagen god, tross kjipe tider.

Eg heiter Marit, er 32 år og jobbar som ungdomsdiakon i eit samtaletilbod for ungdom i Groruddalen. Eg vaks opp i Hemsedal, nærmere bestemt på Kven. Far min er Hemsedals finaste fyr og tømmermeister, Øyvind Gjærde. Mor mi er den herlegaste og driftige dama Solveig Juven som serverer dei beste bollane på Arti kafé. At bollane er gode har eg frå objektivt hald, eg hører stadig gjetord om desse her i byen. Eg kunne sikkert lagt ut i det vide og det breie om mi tilknyting til Hemsedal og Gol, men dei som er nysgjerrige får heller ta fatt på Flatabokji.

Eg skriv frå ein leilegheit i 13. etasje på Ammerud i Oslo, i sjølvaste Groruddalen som sikkert mange har høyrt så mangt om. Det har nett gått opp for meg at i dette burettslaget, som består av 4 blokker, bur det fleire enn i Hemsedal. Her helser alle «Hei» og «Ha det bra» i heisen, det er triveleg når eg har fløtt aleine for fyste gong i livet. Samstundes ligg Ammerud så nære Lillomarka at det kjennes som å bu langt unna byens støy og folkemengd. Herifrå kan eg rusle inn i skog og mange vatn, og ikkje minst: det er gangavstand til jobb.

Eg jobbar i Den norske kyrkje, i «13-20», eit tilbod for alle ungdom i alderen 13 til 20 år. Her i Oslo er dette tilbodet ganske nyt, prosjektet starta opp hausten 2019, og fekk eit drøyt halvår inne i prosjektåret ein stor stopper då alt stengde ned. Dagen før nedstenginga, 12. mars 2020, hadde eg og min kollega samtalegrupper med 9. klasse på ei ungdomsskule i dalen, med fokus på grenser, makt og seksualitet. Etter den artige dagen, var det veldig rart å ikkje skulle møte ungdommar fysisk på fleire månader. Frå sommaren av har eg jobba nærmast normalt med ein del av oppgåvene mine på jobb. Eg har enkel-

samtaler med ungdom, ei sorgstøttegruppe for ungdom og har ei jentegruppe saman med minoritetsrådgjevaren på ei vidaregåande skule i dalen. Andre grupper og kurs som ikkje er strengt nødvendige er utsett på ubestemt tid.

Målet til 13-20 er å være vaksne med tid. Dette handlar om fleksibilitet og nærvær. Det handlar om å bruke godt tid til å kunne skape gode relasjonar og trygge rammer for ungdom som ønsker ein vaksen å snakke med. Fokuset er å møte ungdommen i det dei står i, lytte til det dei har å fortelje og snakke om det som skjer i livet. 13-20 var danna i Bærum i 2010, i Bærum jobbar det no 4 ungdomsdiakonar i tilbodet og godt over 100 ungdommar som nyte seg av tilbodet. Då 13-20 starta opp der for litt over 10 år sidan handla mykje av ungdomsarbeidet om klubbarbeid. Ålingen Mariann Solberg Lindtjørn jobba med få opp prosjektet i Bærum, med støtte frå andre diakonar i prostiet sokte ho å finne ut av kva ungdom i Bærum ønska i eit nyt tilbod. Då fekk ho svaret «vaksne som har tid til å lytte». Dette har vore fokuset sidan. I byringa tenkte 13-20 mykje på kva rolle diakonien kunne ha i samtaler med ungdom. Mykje tenåringsdramatikk kanskje, forelsking og kjærleikssorg, skule og vennedramatikk? Det har vist seg at ungdom kjem med desse tinga, men også mange andre og definitivt meir samansette skjebnar og historier.

Det kan jo være nokon som les dette som eigentleg ikkje veit kva ein diakon er, eg visste det ikkje sjølv før eg hadde gått ei stund på MF (menighetsfakultetet, eller MF Vitenskaplige Høgskole som det heiter no). No svarer eg ofte, sidan få eg treff

**SpareBank
HALLINGDAL VALDRES**

Flå - Nesbyen - Gol - Hemsedal - Ål - Geilo

Du finner oss i hele Hallingdal • sb1.no • tlf. 915 03 202

ikkje veit, at det er litt som å være ein sosialarbeidar i kyrkja. Kanskje er det ein litt lett forklaring, med også då enklare å forstå. Det vil si at ein har ein master i diakoni på toppen av ein sosiaffagleg bakgrunn. Difor finns det diakonar der ute, med veldig forskjellig kompetanse. For min del har ungdom, pedagogikk og kulturforståelse vore viktige brikker inn i mitt arbeid som diakon. På ein måte kan ein si at 13-20 ikkje er spesialistar i noko, men gode på å skape det trygge rommet for samtale. Difor er det også viktig å ha gode samarbeid med dei som er gode på ulike områder. I slike samarbeid lærer diakon også mykje om den kunnskapen andre har.

Det relasjonelle, men også diakonale, fokuset i samtalens byggjer på anerkjening, myndiggjering og medvandring. Det opnar opp også for dei tunge og vanskelege tinga i livet. Ungdom som opplever å bli sett og høyrd kan ha såre og vonde opplevelingar dei ønsker å dele med nokon. I arbeidet møter eg blant anna historier om overgrep, utanforskap, omsorgssvikt, sorg og tap. Mange har ikkje vore møtt med den livsviktige tryggleiken og tilliten som ligg i kjærliken fra nære relasjonar og omsorgspersonar.

Nokon av dei som opplev dette har ofte lite til overs for seg sjølv og det kan prege måten dei viser varme i møte med seg sjølv eller andre. Rolla som diakon handlar i slike tilfelle om minst to ting. For det fyste om å være eit medmenneske, som kan ta i mot, lytte, og bære det vonde saman med den som lid. For det andre å være ein som står litt utanfor, som kan være med å løfte fram det det gode i dei og dei ressursane dei har; kva dei er glade i; kva dei like å halde på med; kva dei er gode til. I eit kvart møte med eit anna menneske er det viktig å møte dei med det grunnleggjande menneskesynet i trua – å vise dei at dei er bra nok, akkurat slik dei er.

Eit anna perspektiv i diakonien er å ha ein låg dørterskel, 13-20 skal være eit tilbod som er ope for alle. I jobben min er eg open om at eg jobbar i kyrkja, samstundes er det viktig at dei som gjer seg nytte av tilboden ikkje skal være redde for at eg skal forkynne for dei. Som ein del av kyrkja og den diakonale bakrunnen har me ein kompetanse på eksistensielle spørsmål som andre kanskje ikkje har i like stor grad. Det er sjeldan ungdom som oppsøkjer tilboden ønsker å snakke om tru, men dei gongene det skjer er det godt å være trygg på at dei ikkje kjenner seg pressa til noko. I samtalene søker eg



alltid mot at det er ungdommen som skal være i fokus, ikkje eg og mine moglegheiter til å hjelpe. Ungdommar er kloke nok til å ta val sjølv, nokre gonger treng dei kanskje nokon å sparre med for å finne beste løysing, men ofte finn dei den sjølv. Samstundes er det viktig for meg at dei veit at dei møter ein annan person i samtalens, det er ikkje ein robåt, men eg dei kjem i samtale til. Nokre gonger kan eg ha ressursar som dei kan ha nytte av. Med medvandring som perspektiv er det viktig å gå ved sida av, deler av vegen i livet kan eg være med å gå saman med dei, sjølv om dei tek vegvala sjølv. Eg skal ikkje gå framfor og gjera vegen klar, eller bak for å dytte ungdommen fram. I medvandringa blir eg med på både oppturar og nedturar, og prøver å stå støtt når ungdommen treng å finne tryggleik og omsorg.

Kyrkjebladet ønsker alle sine lesarar ei riktig god påske!



TEKST: BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS

FOTO HEMSEDAL: CAMILLA OSNES, BIRGIT SOLBAKKEN

FOTO GOL: BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS



Konfirmantdag

Gutta fann ein diger snøball øvst i «Lille-bakken» som dei frakta med akematte og muskelkraft heilt ned til «gudstenesteområdet». Den vart ei fin lysglobe.

Det vart ingen HEKTA-konfirmantleir på Lillehammer i år. I staden vart det ein konfirmantdag på Gol laurdag 13. februar og ein i Hemsedal sundag 14. februar. Det var litt undervisning med samtaleopplegg ute og grilling og aking ute.



På Gol bygde konfirmantane snøalter i «Lille-bakken» og gjorde klart til å feire gudsteneste ute.




Hemsedal konfirmanter
Fr.v.: Oscar Owesen, Sofia Jane Erlandsen,
Frida Emilie Pettersen Henrikson.




Tre av jentene laga til og med kross til alteret.



Utegudsteneste i «Lille-bakken», den vart ikkje så lang, då det var rimeleg kaldt



Aking i sola i Hemsedal



Gudstenesten i Hemsedal vart innandørs



Godt å ete inne når det var så kaldt ute

Bald and Beautiful Productions AS og Artistguiden presenterer:



Gjesteartist
VIVIAN
SØRMELAND

GAUTE ORMAASEN

GOL KYRKJE
TORSDAG 22. APRIL
KL 17.30

BILLETTAR FINN DU PÅ TICKETMASTER

BARNAS SIDE

Finn vegen til Jesus!

Hjelp Maria, Peter og Johannes å finne vegen til engelen i den tomme grava, og vidare til Jesus! (Teikning: Kari Sortland)



Finn fem feil

Maria Magdalena sprang og fortalte lærersveinane at Jesus var stått opp frå dei døde. Dei to biletet er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? (Teikning: Kari Sortland)

Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00.



Vitsar

Klassa hadde matteprøve. Ei av oppgåvene var slik:
«Eit hus har 5 etasjar. Kvar etasje har 20 trappetrinn. Kor mange trappetrinn må du då gå for å kome til toppen?»
– Enkelt, tenkte Ole, og skreiv: «Alle.»

- Korleis er den nye gitaren din?
- Eg måtte kaste han.
- Kvifor det?
- Den hadde jo eit stort hol i midten!

Kva får du dersom du kryssar ein kalkulator med eit menneske?
Svar: Ein ven du kan rekne med.



Tilviste plassar i staden for faste seter

Med nye smittevernreglar frå 23. februar vart reglane om faste seter endra til tilviste plassar.
Dette fører til at det nå er mogleg å ha gudstenester att.

Det trengs 2 meter avstand skulder til skulder i alle retningar i arrangement med allsang.

Med desse avstandsreglene er det plass til

50stk i Gol kyrkje / 20stk i Herad kyrkje / 47stk i Hemsedal kyrkje.

Det er viktig at folk ventar i døra til dei får tilvist ein plass av kyrkjevert.

Etter kvart som det blir varmare i våret vil det også vera mogleg med utegudstenester. Dersom plassen er stor nok for å halde avstandsreglane, kan det vera inntil 200 på utearrangement.

Også her blir antalet avgrensa utifrå kor stort areal som er til disposisjon.

Prest og diakon er tilgjengeleg for samtale.

Ta gjerne kontakt med kyrkjekontora. Vi er på jobb om kyrkjedørene er stengt.

I perioden 16. mars – 11. april blir det ingen fysiske samlingar grunna smittevern.

Velkommen til dugnad på kyrkjegården

Herad 4. mai kl.14.00 - 20.00

Gol 5. mai kl.14.00 - 20.00

Kom når du kan og vær så lenge du vil.
Ta med rive.

*Alle er velkommen
Helsing Gol og Herad sokneråd*



HEMSEDAL SUNDAGSSKULE

Velkommen til samlingar desse sundagane kl 10: **11. april og 2. mai**

Alle fra 4 år og oppover kan delta.
Frå 5. kl kan du vere med på eige opplegg med Temasundagsskulen.

Fylg med på Facebook-sida til Sundagsskulen i Hemsedal, der det står kvar du skal møte opp.

Vel møtt!

*Helsing leiarane i
Hemsedal sundagsskule*



Konfirmasjonane er utsett til hausten

Også i år er konfirmasjonane utsett til hausten grunna covid-19 restriksjonar.

Konfirmasjonane er fastsett til følgjande datoar:

Hemsedal 21. og 22. august

Herad 29. august


Gol 4. og 5. september

Digitale påskearrangement

Denne påska vil alle fysiske arrangement i kyrkjene og rundt omkring elles gå ut på grunn av nedstengninga.

For å bøte litt på dette vil me lage digitale påskearrangement på Facebook. Det gjeld både skjærtorsdag, langfredag og på påskedagen. Eit eige arrangement blir å streame orgelkonserten i Herad kyrkje skjærtorsdag.

Alt dette vil bli annonsert på førehand på facebooksidene og heimesidene, både i Hemsedal og i Gol og Herad.



Velkommen til dugnad på Hemsedal Gravplass (Kyrkjegården)

Tirsdag 11. Mai

Me startar ca. kl. 10.00
og driv på til ca. 12.00.
Enkel lunsj ca. kl. 12.00

Ta med rive.

*Alle velkommen
Helsing Hemsedal Sokneråd*

Kyrkjebladet



Gol og Herad kyrkje



Hemsedal kyrkje



Lykkja kapell



vipps

591790

Vipps nummer

517300

Vipps nummer

105608

Vipps nummer

542742

Vipps nummer

KUNNGJERINGAR

GRAVFERDSBYRÅ I HALLINGDAL

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS

Bente Andreassen

Vakt tlf. 480 234 77 - www.golbb.no

HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ

Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen
Vakt tlf: 97 41 41 00

JØLSTAD - HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ AS

Terje Nordal - Steinar Aa - Torfinn Slætto
Vakt: 917 06 250 / hallingdalgravferd.no

DØYPTE

Gol kyrkje

- 14.02.21 Olav Heggelien Evjen
- 07.03.21 Olav Stensrud Arnegård
- 07.03.21 Oline Bøgyaard Stolen

Herad

- 21.02.21 Thor Golberg Brodin
- 28.02.21 Åse Aarvik

DØDE

Gol kyrkje

- 07.02.21 Anne Lise Berget f. 1945
- 12.02.21 Bodil Kristine Letnes f. 1943
(gravlagt Austbygde)
- 16.02.21 Toralv Svarteberg f. 1948
- 18.02.21 Anna Lilleslett f. 1927
- 24.02.21 Arvid Engene f. 1933
- 25.02.21 Helge Sundstøl f. 1950
- 05.03.21 Knut Gjerdem f. 1937

Hemsedal kyrkje

- 04.03.21 Else-Karin Grøthe f. 1954

VELKOMEN TIL KYRKJE!

**ALL ANNONSERING ER UNDER FØRESETNAD AV TIL EI KVAR TID GJELDANDE SMITTEVERNREGLEAR
(FØLG MED PÅ HALLINGDØLEN OG NETTSIDENE FOR EVT. DIGITAL ARRANGEMENT)**

28. mars - Palmesøndag

HERAD KYRKJE kl.11.00

Gudsteneste. Eklund

Takkoffer: Ungdom i oppdrag

1. april - Skjærtorsdag

HEMSEDAL KYRKJE kl.11.00

Gudsteneste. Osnes.

Takkoffer: Lykkja kapell

BYGDAHEIMEN kl.12.30

Påskeandakt. Osnes.

HERAD KYRKJE kl.12.30

Orgelmeditasjon med Justin Vickery

GOL KYRKJE kl.18.00

Gudsteneste. Osnes.

Takkoffer: Diakoniatrådet i kyrkja.

2. april - Langfredag

GOL KYRKJE kl.10.00

Pasjonsmesse. Bleiktvedt.

HEMSEDAL KYRKJE kl.19.00

Pasjonsmesse. Bleiktvedt.

4. april - Påskedag

GOL KYRKJE kl.10.00

Høgtidsgudsteneste. Bleiktvedt.

Takkoffer: Kjærens bymisjon

LYKKJA KAPELL kl.11.00

Høgtidsgudsteneste (utanfor kapellet).
Osnes. Takkoffer: Lykkja kapell

SØRÅSEN kl.13.00

Friluftsgudsteneste ved fjellet «Kyrkja»
ca. 18 km fra bommen i Herad på vegen
over til Bagn. Bleiktvedt.

HEMSEDAL KYRKJE kl. 17.00

Gudsteneste for små og store. Osnes.

Takkoffer: Misjonsprosjekt i Nepal

11. april - 2. søndag i påsketida UTSATT

HERAD KYRKJE kl. 11.00

Samtalegudsteneste. Bleiktvedt

Takkoffer: Konfirmantarbeidet

18. april - 3. søndag i påsketida

GOL KYRKJE kl.11.00

Samtalegudsteneste. Osnes

Takkoffer: Konfirmantarbeidet.

HEMSEDAL KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste. Eklund

Takkoffer: Trosopplæring

22. April - Torsdag

GOL KYRKJE kl.17.30

Konsert med Gauke Ormåsen

25. april - 4. søndag i påsketida

HERAD KYRKJE kl.11.00

Gudsteneste. Osnes

Takkoffer: Voksne for barn

2. mai - 5. søndag i påsketida

HERAD KYRKJE kl 11.00

Gudsteneste for store og små.

Utdeling av 4-årsbok. Osnes. Hafslås.

Takkoffer: Gullrekka

HEMSEDAL KYRKJESTUGO kl. 19.00

Møtepunkt: Helt Ærlig - om

selvrealisering. Arr.: Hemsedal

Normisjon og Hemsedal kyrkje

9. mai - 6. søndag i påsketida

GOL KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste. Eklund.

Takkoffer: Kyrkjebladet

HEMSEDAL KYRKJE kl. 11.00

Samtalegudsteneste. Osnes

Takkoffer: KULH

17. mai - grunnlovsdagen

Gudsteneste i Gol - Meir info kjem seinare..

HEMSEDAL KYRKJE kl.10.15

Gudsteneste. Osnes.

Takkoffer: Sjømannskirken.

23. mai - pinsedag

HERAD KYRKJE KL 11.00

Gudsteneste. Eklund.

Takkoffer: Change Maker

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00

Gudsteneste. Osnes.

Takkoffer: Konfirmantarbeidet

30. mai - Treeiningssøndag

GOL KYRKJE KL 11.00

Gudsteneste. Takkoffer: Kyrkjebladet

6. juni - 2. søndag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL 11.00

Gudsteneste. Tårnagent. Osnes. Hafslås.

Takkoffer: Trosopplæring

HEMSEDAL KYRKJESTUGO kl. 19.00

Møtepunkt: Helt Ærlig – om utenforskap

Arr.: Hemsedal Normisjon og Hemsedal kyrkje

13. juni - 3. søndag i treeiningstida

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00

Gudsteneste for store og små.

Utdeling av 4-årsbok. Osnes. Hafslås.

Takkoffer: S-klubben Hemsedal

Normisjon.

GOL KYRKJE KL 18.00

Folkesmusikkmesse.

Takkoffer: Musikkarbeidet i stavkyrkja.

20. juni - 4. søndag i treeiningstida

HERAD VEL PLASS KL.19.00

Gudsteneste. Takkoffer: Normisjon

**ANNOSEN
SMITTEVERNSTILTAK**

Soloppgang

TEKST: HILDE MOE HILLESTAD, 2021

FOTO: AALRUSTGRENDÅ RETNING GOL, SØLVI LARSEN AALRUST

Informasjon

Du hadde kjempet deg gjennom natten.

*Fomlet etter lysbryteren
uten å finne den.*

*Pakket tankene inn i silkepapir
så de kunne likne på
søte drømmer
istedenfor mareritt.*

*Foldet kalde hender sammen
i en stille bønn om en ny dag.*

Og du fikk svar.

*Der kom
morgengrytet.*

Vakkert og fullt av nåde.

*Med et løfte om en
lysere tid.*